



Hella Bedehus v/
Steinar Vågenes
Vågenesvegen 168
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8206 - 20/51986

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
25.08.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr. 432/51

Tiltak: avvik septiktank
Byggjestad: Gbnr: 432/51
Tiltakshavar: Hella Bedehus

Alver kommune har den 16.04.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 16.04.2020 vart registrert lågt nivå og mogleg lekkasje i septiktanken på eigedommen til Hella Bedehus, med adresse Grindheimsvegen 30, 5936 Manger. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke. Lågt nivå i tanken kan og tyde på at huset er lite i bruk. Vi ber dykk om ei tilbakemelding om dette kan vere årsaka til at det er registrert lågt nivå i tanken.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7

Dersom det viser seg å vere lekkasje, må tilstanden utbetrast . Frist for arbeidet vert sett til seinast 31.10.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge Dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova §§ 7 og 73.

Dersom De meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at De ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at De tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må De kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan De sjølv utføra arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må De fylla ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender De til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Steinar Vågenes

Vågenesvegen 168

5936

MANGER